



## MÅNANDENS PORTRETT – JUNI 2011

Namn og alder: Tommy Utbjoa, 16 år  
Bur: Fjetland  
Høve: Er nett ferdig med ungdomsskulen

---

### *Bakgrunnen for intervjuet:*

Tommy Utbjoa er nå ferdig med ungdomsskulen, der han det siste året gjekk på Sand Ungdomsskule. Tommy skal til hausten ta til med vidaregåande utdanning og velje retning vidare i livet.

*Du har no gått på ungdomsskulen på Sand i eitt år. Korleis var det?*

Det har vore greitt nok med skulen, men reisa er jo lang. Det er mykje meir folk på Sand, så det er fleire å vera ilag med, og det er jo positivt!

*Kva for ein skule/linje skal du gå på til hausten?*

Til hausten skal eg gå på Sauda Vidaregåande skule. Der skal eg gå på TIP, teknikk og industriell produksjon

*Korleis og kvar skal du bu til hausten?*

Eg skal bu i Sauda. Der skal eg bu i ein firemannsleilighet saman med ein klassekamerat frå Erfjord, og kanskje eitt par andre.

*Har du alltid budd på Ropeidhalvøya?*

Nei! Eg budde i Stavanger til eg var to år, og flytta til Lie på Ropeidhalvøya. To år seinare flytta me opp til Fjetland.

*Kva er det som er så flott med halvøya?*

Det er ein sosial stad, med mange hyggelege folk!

*Viss du skulle budd ein annan stad, kor?*

Då ville eg ha budd i Erfjord, fordi der har eg kjærast.

*Kva gjer du på i fritida?*

I sommar skal eg jobbe for Alsaker Fjordbruk. Elles køyrer eg moped og er med vener.

*Saknar du noko på halvøya?*

Nei, eigentleg ikkje. Eg synest det er bra her.

*Vil du oppmoda andre folk å flytte hit?*

Ja, det er jo ein flott plass!